

SAKSHANDSAMINGSRUTINAR VED SØKNAD ETTER VASSDRAGS- REGULERINGSLOVA UTAN KONSEKVENSUTGREIING

Generelt

Søknaden gjeld eit kraftutbyggingsprosjekt etter vassdragsreguleringslova (reguleringslova). Reguleringar av magasin og overføring av vatn som gir ei kraftauke utover 500 naturhestekrefter (eller 3000 naturhestekrefter i heile vassdraget) blir handsama etter reglane i reguleringslova. Tilleggsoverføringar eller –reguleringar blir handsama etter reguleringslova utan omsyn til storleik. NVE kan ikkje fatte vedtak etter reguleringslova, men skriv tilråding til Olje- og energidepartementet (OED).

Prosjektet fell ikkje inn under reglane i plan- og bygningslova om konsekvensutgreiing.

Vi viser til våre nettsider for meir informasjon:
www.nve.no/vannkraft.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender saka på høyring til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltningsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst tre månader. Saka blir kunngjort i lokale aviser, finst tilgjengeleg til gjennomlesing i kommunen og kan lastast ned frå NVE sine nettsider.

Etter høyringsperioden får søkjar høve til å kommentere innkomne fråsegner. Når NVE har motteke desse kommentarane vil invitere til ei synfaring i samarbeid med søkjar. Kommunen, fylkeskommunen, Statsforvaltaren og andre partar som saka vedkjem vil få høve til å delta. Under synfaringa er det mogleg å utdjupe aktuelle problemstillingar, og å peike på forhold som er teken opp i høyringsrunden.

NVE vil deretter gi si tilråding i saka til OED. Ved ei totalvurdering står NVE fritt til å vurdere om konsesjon skal tilrådest og i kva utstrekning. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE tilrår å gi konsesjon, vil forslag til konsesjonsvilkår og ev. manøvreringsreglement vere lagt ved innstillinga til OED. Vilkåra inneheld reglar om m.a. konsesjonstid, revisjon av vilkår, konsesjonsavgifter til staten og kommunar, konsesjonskraft, godkjenning av detaljplanar for utbygginga, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, kulturminne og sanksjonsreglar ved ev.

brot på vilkåra. Ein viktig del av vilkåra er manøvreringsreglementet som gir rammene for konsesjonen, med m.a. reglar for vasslepping og reguleringshøgder.

Departementet sender NVE si tilråding ut på ei avgrensa høyring til dei kommunar og departement som saka vedkjem. Deretter fremjar OED saka for regjeringa som fattar endeleg vedtak.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/høgspent overføringsanlegg, vil NVE gi nødvendige konsesjonar etter at reguleringslovsaka er endeleg avgjort.

Kva forventast av høyringsinstansane?

Formålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane og alternativa som er presentert, vurdert etter konfliktgrad. Det er ønskeleg med grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane. NVE ønskjer også grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

NVE ventar at kommunen spesielt omtalar tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi ei oversiktleg framstilling av forholdet mellom den omsøkte planen og dei lokale interessene. Dersom søknaden også gjeld løyve til elektriske anlegg, ber vi kommunen uttale seg om dette.

Faginstansar som Statsforvaltaren og fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å vurdere søknaden i forhold til sine respektive ansvarsområde. Vassregionmyndigheita skal vurdere om dei meiner tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12 eller ikkje.

Om mogleg ønskjer vi at fråsegner sendast elektronisk, gjerne direkte via saka si nettside på www.nve.no/8842/V.

Rett til motsegn

Kommunar, fylkeskommunar, Sametinget og statlege fagetatar kan fremje motsegn. Ei eventuell motsegn må fremjast i høyringsperioden. Vi viser til [Rettleiar 3/2010 s. 17](#) for nærmare informasjon om dette.